



## MØTEPROTOKOLL FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 05.05.2020

**Møtestad:** Fjernmøte

**Møtetid:** 12:00 - 15:00

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

---

### Andre møtande:

Rådmann Atle Fasteland

Assisterande rådmann Åse Elin Myking

Økonomisjef Kenneth Stokke

Kommunalsjef Samfunnsutvikling Helge Berset

Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

---

### Saksliste

SAKSNR	TITTEL
--------	--------

**25/2020 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**26/2020 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**27/2020 REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**28/2020 REGIONTILHØRSLE FOR VAKSDAL KOMMUNE**

**29/2020 INTERKOMMUNAL LEGEVAKT (IKL) - REVISJON AV VERTSKOMMUNEAVTALE**

**30/2020 HØYRINGSUTTALE - NEDLEGGING/FJERNING AV DAM TROLLKJELEN, VAKSDAL**

**31/2020 ANNONSEKAMPAJNE I VP**



**25/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 05.05.2020**

**Behandling:**

Med heimel i mellombels forskrift for gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ, § 2, vart kommunestyremøtet gjennomført som eit fjernmøte.

Samrøystes vedtak

**FPØ - sak 25/2020 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**26/2020: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 05.05.2020**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak

**FPØ - sak 26/2020 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**27/2020: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**



Referatsakene vert tatt til orientering.

## **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 05.05.2020**

### **Behandling:**

**Til referatsak 27/2020.4, Handlingsplan og økonomiplan, la Kjartan Haugsnes (SV) fram følgjande fellesforslag frå Sp, SV og Høgre:**

Formannskapet ber administrasjonen til kommunestyret i juni 2020, legge fram status på budsjettvedtaket 2020 frå Sp, SV og Høgre, (fleirtalsvedtaket) inkludert tekstuvedtaka.

**Til referatsak 27/2020.5 Kollektivterminal Dale, la Kjartan Haugsnes (SV) fram følgjande forslag:**

Formannskapet i Vaksdal kommune ønsker å invitere utval for samferdsel og mobilitet til synfaring på Dale i høve kollektivterminal/kollektivløysing ved ny skule på Dale. Ei slik synfaring må skje så raskt som praktisk mogleg.

Rådmannen sitt framlegg om å ta referatsakene til orientering, vart samråystes vedteke.

Det vart deretter røysta over fellesforslaget frå Sp, SV og Høgre, som vart samråystes vedteke.

SV sitt framlegg til vedtak i referatsak 27/2020.5 vart deretter samråystes vedteke.

### **FPØ - sak 27/2020 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

Til følgjande referatsaker vart det gjort slik vedtak:

### **Referatsak 27/2020.04 Handlingsplan og økonomiplan 2021-2024**

Formannskapet ber administrasjonen til kommunestyret i juni 2020, legge fram status på budsjettvedtaket 2020 frå Sp, SV og Høgre, (fleirtalsvedtaket) inkludert tekstuvedtaka.

### **Referatsak 27/2020.05 Kollektivterminal Dale**

Formannskapet i Vaksdal kommune ønsker å invitere utval for samferdsel og mobilitet til synfaring på Dale i høve kollektivterminal/kollektivløysing ved ny skule på Dale. Ei slik synfaring må skje så raskt som praktisk mogleg.



## **28/2020: REGIONTILHØRSLE FOR VAKSDAL KOMMUNE**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmann får politisk godkjenning til å starte samtaler med mål om å etablere fast tilhørsle for Vaksdal kommune i det interkommunale samarbeidet Region Nordhordland.

Når forslag til endeleg avtale er klar, vert denne å sende til politisk handsaming i Vaksdal kommune.

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 05.05.2020**

#### **Behandling:**

#### **Amalie Johnsen Lunde (H) la fram fellesforslag frå Sp, SV og Høgre:**

Rådmann skal legge fram for Kommunestyret ei utgreiing av dei ulike alternativa til regionalt samarbeid, der ein blant anna legg til grunn følgande momenter:

1. Kva moglegheiter ser ein i dei alternative samarbeidsalternativa?
2. Kva utfordringar ser ein i desse samarbeida?
3. Kva likheiter er det mellom dei geografiske og demografiske forholda i samarbeidskommunane.
4. Kva samarbeid har ein med dei einskilde kommunane i regionen frå før?

Ved røysting vart rådmannen sitt framlegg til vedtak sett opp mot fellesforslaget frå Sp, Sv og Høgre.

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

#### **FPØ - sak 28/2020 Vedtak/Tilråding:**

Rådmann skal legge fram for Kommunestyret ei utgreiing av dei ulike alternativa til regionalt samarbeid, der ein blant anna legg til grunn følgande momenter:

1. Kva moglegheiter ser ein i dei alternative samarbeidsalternativa?
2. Kva utfordringar ser ein i desse samarbeida?
3. Kva likheiter er det mellom dei geografiske og demografiske forholda i samarbeidskommunane.
4. Kva samarbeid har ein med dei einskilde kommunane i regionen frå før?

---

## **29/2020: INTERKOMMUNAL LEGEVAKT (IKL) - REVISJON AV VERTSKOMMUNEAVTALE**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**



Vaksdal kommune godkjenner revidert vertskommuneavtale om interkommunal legevakt på Voss.

## Formannskap/plan- og økonomiutvalet 05.05.2020

### **Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

### **FPØ - sak 29/2020 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune godkjenner revidert vertskommuneavtale om interkommunal legevakt på Voss.

---

## **30/2020: HØYRINGSUTTALE - NEDLEGGING/FJERNING AV DAM TROLLKJELEN, VAKSDAL**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet ber rådmannen utarbeida høyringsuttale til riving av dam Trollkjelen på Vaksdal.

Høyringsuttalen vert sendt til kommunestyret for endeleg avgjerd.

## Formannskap/plan- og økonomiutvalet 05.05.2020

### **Behandling:**

### **Kjartan Haugsnes (SV) la fram eit felles tilleggsforslag frå Sp, SV og Høgre:**

Formannskapet ber rådmannen utarbeide ein høyringsuttale i sak nedlegging/fjerning dam i Trollkjelen på Vaksdal som legg vekt på følgjande element.

- Vaksdal kommune ønskjer å bevare dammen i Trollkjelen som eit viktig 140 år gammalt industriminne i kommunen.
- Dammen i Trollkjelen må sjåast i samanheng med etablering av eit opplevelingscenter på Vaksdal Mølle, der det visuelle i historia vert essensielt for senteret og det pedagogiske i høve industriell produksjon av matmjøl.
- Svært lite av kommunen si industrihistorie er bevart for ettertida. Dammen i Trollkjelen må sjåast i eit slikt perspektiv. Som det står innleiingsvis i boka «Møllevegen» «Vaksdal mølle har vore den største mølla i Skandinavia og ei av dei viktigaste møllene i Noreg. For bygda Vaksdal har ho betydd nesten alt! Historia om Vaksdal mølle er difor også historia om ei heil bygd, og samstundes ein viktig del av norsk vasskraft – og industrihistorie»

I samband med utarbeiding av høyringsuttalen ber formannskapet og rådmannen innhente uttale frå Stormøllen/Felleskjøpet og arbeidsgruppe for opplevelingscenter. I tillegg til dei openberre kulturpolitiske og historiske elementa ber ein og om at det vert framlagt ei vurdering i høve flaum og



flaumvern av dagens bygningsmasse om dammen vert riven.

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak som vart samråystes vedteke.

Deretter vart det røysta over fellesforslaget som vart samråystes vedteke.

### **FPØ - sak 30/2020 Vedtak/Tilråding:**

Formannskapet ber rådmannen utarbeida høyringsuttale til riving av dam Trollkjelen på Vaksdal.

Høyringsuttalen vert sendt til kommunestyret for endeleg avgjerd.

Formannskapet ber rådmannen utarbeide ein høyringsuttale i sak nedlegging/fjerning dam i Trollkjelen på Vaksdal som legg vekt på følgjande element.

- Vaksdal kommune ønskjer å bevare dammen i Trollkjelen som eit viktig 140 år gammalt industriminne i kommunen.
- Dammen i Trollkjelen må sjåast i samanheng med etablering av eit opplevelingssenter på Vaksdal Mølle, der det visuelle i historia vert essensielt for senteret og det pedagogiske i høve industriell produksjon av matmjøl.
- Svært lite av kommunen si industrihistorie er bevart for ettertida. Dammen i Trollkjelen må sjåast i eit slikt perspektiv. Som det står innleiingsvis i boka «Møllevegen» «Vaksdal mølle har vore den største mølla i Skandinavia og ei av dei viktigaste møllene i Noreg. For bygda Vaksdal har ho betydd nesten alt! Historia om Vaksdal mølle er difor også historia om ei heil bygd, og samstundes ein viktig del av norsk vasskraft – og industrihistorie»

I samband med utarbeiding av høyringsuttalen ber formannskapet og rådmannen innhente uttale frå Stormøllen/Felleskjøpet og arbeidsgruppe for opplevelingssenter. I tillegg til dei openberre kulturpolitiske og historiske elementa ber ein og om at det vert framlagt ei vurdering i høve flaum og flaumvern av dagens bygningsmasse om dammen vert riven.

---

### **31/2020: ANNONSEKAMPANJE I VP**

#### **Rådmann sitt framlegg til vedtak:**

Annonsekampanje til støtte for lokalt næringsliv vert vedtatt med kr 10.000 slik det ligg føre.

#### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 05.05.2020**

#### **Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.



Vaksdal kommune

**FPØ - sak 31/2020 Vedtak/Tilråding:**

Annonsekampanje til støtte for lokalt næringsliv vert vedtatt med kr 10.000 slik det ligg føre.

---



## ORIENTERNGAR

Dagleg leiar i Vaksdal Næringselskap AS, Vidar Skeie, svarte på spørsmål frå medlemmene i FPØ.

Smittevernoverlege Ole Miltzow Thorseth orienterte om testing av sjuke og endringar i smittevernreglar i samband med koronapandemien.

### Orientering frå ordførarar

- Digitale møter framover. Dersom FPØ vert gjennomført digitalt juni vil dette møtet filmast og gjerast tilgjengeleg for publikum i ettertid.
- Sak om husbankmidlar vert lagt fram i junimøtet.
- 17.mai.

### Orienteringar frå rådmann

- skriftlege spørsmål og svar til møtet vert lagt ved protokollen.
- Dialog med arbeidsgjevarorganisasjonar.
- Besøksordning sjukeheim
- E16

### Spørsmål frå medlemmene:

Kjartan Haugsnes (SV) spurte om bygging av Vaksdal skule var kunngjort på Doffin.  
Rådmannen svarte.

Heidi Rongved (Ap) spurte om solskjerming og terrassestove på Ressurssenteret.  
Rådmannen svarte